

# Uskedalen

KVINNHERAD RØYR og ANLEGG	DØNHaug GJESTEGARD	HAUGLAND MASKIN	HAUGLAND LANDBRUK
USKEDAL TRELASTLAGER	EIK RØYR	BRØDR. MUSLAND MASKIN	USKEDALEN BRYGGE
	USKEDALEN VERTSHUS	KVINNHERAD BYGGUTVIKLING	TV SYDVEST
SOLHEIM TURISTSTASJON	ZJAKK FRISØRSALONG	FRIHEIM GARDSMAT	BYGDETUNET RØD
NORGESHUS Byggpartner Kvh	GROS BLOMSTER	RABBEN FERIESENTER	RC RACING
AUTO 88		ØYRO MARINA	HAUGLAND SKULEMUSEUM
	AS Eidsvik Skipsbyggeri	USKEDALEN BÅTLAG	Sverre Myklebust Maskin
LISES KRAMBU			USKEDALEN Grunn- og elveeigarlag

Om få veker skal A1 Grafisk Kvinnherad i Rosendal gje ut eit spesielt turistmagasin for kommunen der også Uskedalen får sin plass.

- Dette er viktig for alle som driv næring og turisme i bygda og dei bør difor bli med i magasinet, sier prosjektleiar Kristian Bringedal i Uskedalen Utvikling.

Dei som er oppført på fellesside (se utkastet over) vert inviterte til å vera med og profilera si verksamhet og Uskedalen. Det kostar 900 kroner å stå på sida. Hvis ein i tillegg vil ha eigen annonse, vert denne kostnaden stroken. Det blir også ein redaksjonell artikkel om Uskedalen i tillegg til annonseopplegget.

Dei interesserte bør ta direkte kontakt med A1 Grafisk. Mailadressen er [kvinnherad@a1grafisk.no](mailto:kvinnherad@a1grafisk.no) og telefonnummeret 53 47 02 40.

- Dette er ei satsing for å få fleire turistar til kommunen, få dei til å bli her lengre og bruk meir pengar på alle dei gode tilboda i Kvinnherad, seier Sigurd Vikøren, som er mannen bak prosjektet.

Magasinet vil bli tilgjengeleg på sentrale stader i heile regionen, medrekna Bergen, Haugesund og Stord. Det vil vera å finna på turistkontor, bensinstasjonar, båthamnar, snøggbåtar og vonlegvis ferjer.

Det vil vera på plass tidleg neste månad og bli etterfylt slik at det blir tilgjengeleg heilt fram til 1. september. Det vil også vera utlagt på alle overnattingssråder slik at turistane kan lesa om gode tilbod, kor dei kan få kjøpt kva og kva arrangement som skjer i kommunen gjennom heile sommaren. I tillegg vert det sendt til alle bedrifter og husstandar i kommunen.

- Uskedalen er 'i siget' og har allereie eit godt omdømme og profilert namn. No gjeld det å utnytta dette, held Kristian Bringedal fram.

Av Ola Matti Mathisen